

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato: 27.01.2022
Vår ref.: 202111858-2
Dykkar ref.:

Høyring av konsesjonssøknad 420 kV sjøkabel over Fensfjorden

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad for ny 420 kV sjøkabel over Fensfjorden i Alver, Masfjorden og Gulen kommunar i Vestland fylke. Høyringsfristen er sett til 16. mars 2022.

Søknaden

Statnett SF søker om konsesjon for ein ny om lag 7,7 km lang 420 kV sjøkabel over Fensfjorden. Sjøkabelen vil gå frå Mongstad i Alver kommune, innom Masfjorden kommune, til Iledalsvågen i Gulen kommune, vist i kart 1. Den nye sjøkabelen vil følgje traseen til det eksisterande sjøkabelanlegget over Fensfjorden, og doble kapasiteten mellom Haugsvær og Lindås.

Statnett SF søker om konsesjon i medhald av energilova.

Statnett SF søker òg om oreigningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Statnett SF om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

Høyring av søknaden

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/8722/A.

De kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202111858 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegner må sendast til NVE **innan 16. mars 2022**.



Kart 1: Trasé for ny 420 kV sjøkabel over Fensfjorden. Kilde: Statnett SF sin søknad.

Informasjon til kommunane

NVE ber kommunane leggje ut søknaden til offentlig ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa i aktuelle aviser. Vi ber vidare kommunen leggje søknaden ut på sine internettsider og ev. facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om søknaden.

NVE ber kommunane ta kontakt med sakshandsamar om dei ønskjer meir informasjon om NVE si handsaming av søknaden.

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Herman Lange Johnsen
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar



Mottakarliste:

ALVER KOMMUNE
BKK NETT AS
EQUINOR ASA
Fiskarlaget Vest
Fiskeridirektoratet Region Vest
Fortidsminneforeningen i Hordaland
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Friluftsrådernes Landsforbund
Grunneigarar/rettshavarar
Gulen kommune
Kystverket Vest
MASFJORDEN KOMMUNE
MILJØDIREKTORATET
Naturvernforbundet i Hordaland
Naturvernforbundet i Nordhordland
NORDHORDLAND TURLAG
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
STIFTELSEN MUSEUM VEST
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

STATNETT SF